



Knut Audun Areklett
Areklettvegen 514
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/576 - 23/5371

Saksbehandlar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
07.06.2023

Melding om delegert vedtak - svar på søknad om felling av grågås: Gbnr 16/1 Knut Audun Areklett

Vi syner til søknad motteke den 24.05.2023

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Knut Audun Areklett får løyve til felling av inntil 5 ungfugl av grågås på Gnr 16 bnr 1 og 2, i Masfjorden i perioden 30.05.– 20.06.2023 innanfor fylgjande avgrensingar:

- Jakta må på førehand vera avklara med lensmann.
- Felling av skadegjørande viltartar skal generelt følgje dei krav til ordinær jaktutøving som kjem fram av viltlova med tilhøyrande forskrifter. Det er ikkje nødvendig å løyse jegeravgift for å delta i ein skadefelling.
- Jakta bør samordnast med postering samtidig på dei områda gåsa flyttar mellom.
- Ein skal berre skyta ungfugl som ikkje er hekkande, og desse skal dokumenterast med foto. Vaksne fuglar har mørke flekkar på buken. Årsungar har ingen flekkar, medan gress født året før kan ha nokre få. • Mordyr skal ikkje avlivast, men dersom det skulle skje, må avkommet av omsyn til dyrevernet om mogleg avlivast.
- Ein skyt fugl for fugl med 3 dagars opphald for størst mulig skremmeeffekt og berre trekkande grågås.
- Jakta føregår på: gnr 16 bnr 1 og 2
- Det skal være avtalt med dei andre bruksnr om jakt på grågås. Kommunen skal ha attendemelding/rapport over korleis skadefellinga har gått innan: 27.06. 2023.

Heimel: Viltlova, skadefelingsforskrifta

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det vert søkt om skadefelling av grågås datert 23.05.22, samt på same tid i år. Stammen har bygd seg opp dei siste åra og jakta er liten generelt på grågås. Det såg ut som stammen hadde stabilisert seg i kommunen, no ser ein at stammen har auka spesielt med flokkgjess. Nokre plassar er her mykje ungfugl i tillegg til hekkande par. Tidlegare begrensa gåsa seg til Risnesområdet, Areklett og litt på Sleire, men dette mønsteret har endra seg, og gåsa har no etablert seg på mange bruk i kommunen, også på sørsida som Kvamme og Andvik. Søkjar driv med mjølk og storfe på Areklett samdrift. Kommunen har tidlegare synfart alle desse stadane fleire gonger og i var sist 30.05.2023 saman med Rep. frå TU Olav Ørjan Daae. Arnold Håland v/NNI var på synfaring sist 23.05.2019 samt i i fjor på denne tida i samband med sjøfuglkartlegging i kommunen. Kommunen har laga ein forvaltningsplan for gås: 2019 - 2024 der Areklett (område nr. 4) har kome med som eit av dei 7 prioriterte områda i planen.. Estimateret i 2018 var at her er over 30 fugl. Tala i år blir nok uendra eller aukande.

2. Fakta

I prosessen med ny forvaltningsplan for gås har ein fått mykje ny oppdatert kunnskap om grågåsa både i kommunen og generelt. Ved synfaringar med Arnold Håland v/NNI og elles ser me betre enn nokon gong korleis bestanden har utvikla seg. I 2018 hadde me ingen plan då gjeldande plan var gjeldande frå 2008-2012 og trong fornyast då ein meinte det er behov for ein ny forvaltningsplan. Søkjar har i telefon fleire gongar forklart problemet meir detaljert. I utgangspunktet vil kommunen her gi avslag på søknaden, men etter ei samla vurdering og synfaring vert her gitt løyve på inntil 5 grågås. Her er mange moment som tilseier at løyve ikkje bør gjevast, men eit godt drive bruk av denne storleik som har fulgt godt opp råd heilt i tråd med anbefalingar, vil me gi nokre løyver på ungfugl. Dette for at gåsa helst ikkje skal etablera seg her, og før problemet vert for stort. Her skal rapporterast til kommunen, då me ynkjer mest mulig data i det vidare arbeidet. Areklett opplyser at her er gås som beitar og skit ned slåtteareal. Kommunen ser at dette kan vera eit problem saman med landbruksdrift og syner då til vedtaket. Frå før var det få søknader om skadefelling men i år har me fleire, men dette vedtaket vil ikkje ha negativ verknad på grågåsstammen i kommunen. Her er mange forhold som regulerer stammen, men som forklart i pkt 2 så bør ein prøva regulerande tiltak som td gjerding om ein observerar hekkande gås med ungar. I myteperioden frå midten av juni og ein mnd fram vil ikkje gåsa kunna forsera eit gjerde. Gåsa er ikkje flygedyktig på denne tida. Forvaltningsplanen opnar for framskunda jaktstart om hausten med 2 veker og det er da ein må freisa å ta ut så mykje som ein meiner er forsvarleg. I 2008 forsøkte kommunen ut fleire førebyggjande tiltak som elgjerde, «hylaren» og hund men effekten var kortvarig, men dette varierar og både hylaren kan ha god effekt ved hyppig skifte av plassering, og gjerding har effekt i myting/kullperioden. I følgje forskrift om skadefelling, under generelle vilkår for skadefelling, punkt. 2, står det at "for en rekke skadeformer vil det være meir eller mindre praktisk umulig å gjennomføre effektive tiltak. I slike tilfeller må en akseptere at det er urealistisk å sette krav om at forebyggende tiltak er gjennomført". Etter naturmangfaldslova § 9. (førevar-prinsippet) kan me ikkje sjå at her er fare for irreversibel skade. Vidare etter §§ 8, 10-12 vil ein med å følgja vedtaket ha minimale konsekvensar for naturmangfaldet men store økonomiske konsekvensar for søkjar. Det er viktig at ein freistar å løysa problemet før heile første slåtten vert øydelagt av gåsa. Per

dags dato er gåsa her og ein veit med sikkerhet at den vil fortsetja å grisa til enga. Fyrste slåtten kan reddast viss gåsa etter tiltak held seg borte frå arealet dei næraste dagane og vekene.

3. Vurdering

Areklett samdrift v/Knut Audun Areklett vil ikkje få store tap knytt til si landbruksdrift ved å syte for at avlinga på gbnr. 1 og 2 på nytt ikkje vert skada eller øydelagt, men om ein ikkje freistar med tiltak kan ein ikkje pårekna at slikt skadløyve vert gjeve på ny. Dette er likevel ei vurdering år for år. No har ein basert seg på tidlegare erfaringar som visar diverre at skadefelling er ein utveg for å freista å redusera skadomfanget. Hekkande fugl skal uansett ikkje skytast, så løyva gjeld berre trekkande ungfugl. Kommunen skal ha rapport om effekt og skyt berre 1 fugl pr 3.dag for mest mogeleg skremmeeffekt jfr. Forskrift om skadefelling av gås. Når det gjeld felling av vilt som gjer skade kan Miljødirektoratet gi forskrifter om felling av bestemte viltarter i nærmere angitte tilfeller, uten hensyn til fredning og jakttider (sjå naturmangfoldloven § 18). I forskrift av 1. september 1997 (Om felling av viltarter som gjer skade eller vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon) står det i punkt II, b at kommunen kan gi tillatelse til felling av kanadagås og grågås når disse gjer skade. For hvitkinngås er denne myndigheten hos Statsforvaltaren, i henhold til punkt II, c. Forskriften understreker at skaden skal ha oppstått inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning om skaden fortsetter. Statsforvaltaren viser til egen retningslinje som finnes sammen med forskriften på: www.lovddata.no Her går de generelle vilkår for skadefelling frem, men også spesielle vurderinger som kan gjerast. Når det gjeld kanadagås som fremmed art har kommunen her større muligheter for skadefelling fordi forvaltningsmålet for arten er å redusere bestanden, og kommunen trenger dermed ikkje å ta hensyn til bestandsstørrelse når ein vurderer ei skadefelling. Det er forventa at gjeldene skadefellings- forskrift erstattast av ny innen komande forvaltningsplanperiode, men denne planen forholder seg til eksisterende skadefellingsforskrift fra 1997. Denne forskriften er opprinnelig hjemlet i viltlovens § 14, mens den nye forskriften vil være hjemlet i Naturmangfoldlovens § 18 4. Konklusjon Sjå vedtak

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Atle Nordland		5981	MASFJORDNES
Britt Inger Myhr		5981	MASFJORDNES
Lillian Andvik	Austfjordvegen 2438	5981	MASFJORDNES
Stian Søvik			
Ørjan Daae	Frøyset	5986	HOSTELAND

Mottakarar:

Knut Audun Areklett	Areklettvegen 514	5986	Hosteland
---------------------	-------------------	------	-----------

